

10.08.2010

Rekordbesøk på TI-aren, smykkekurs neste



Blåbær på menyen i dag! Berit Harriet Døssland og Britt Jorun Arnesen fristar.(Foto: Ola Matti Mathisen)

I dag har det vore rekordbesøk for denne sommaren på Cafe TI-aren. Ein time før stengjetid hadde talet på vaksne gjestar passert 50 og i tillegg kom 26 ungar!

**Så ingen kan hevda at sesongen er over her i bygda.**

TI-ar-leiar Berit Harriet Døssland kunne frista med den vanlege menyen der melkekakar og lappar er to faste og populære ingrediensar.

Men i tillegg hadde ho denne dagen blåbær plukka på heimstaden sin, som er Odda!

I morgen skjer det også noko spanande i Gamleskulen.

Tove Høgemark fra Aksdal og Brit Haukås fra Sveio inviterer til smykkekurs fra klokka 11 til 15.

Det har allereie meldt seg 6 deltakarar, men det er plass til 3 i tillegg. Til og med 2 turistar har meldt seg.

Tove og Brit har avvikla mange slike kurs, i LHL-regi, og håpar på suksess også i Uskedalen.

Av Ola Matti Mathisen